

# Høyringsuttale (KF-239)



Referansenummer: V85Q4A

Registrert dato:

29.10.2018 20:53:42

Innleiing
Uttalen blir gjeven
<input checked="" type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining
Opplysningsar om føretak/lag/foreining
Organisasjonsnummer
912667979
Føretak/lag/foreining
Flatøy Bygelag
Adresse
Flatøyvegen 60
Postnummer
5918
Poststad
Frekhaug
Telefon
99502911

Uttale
Har du/dere fått høyringssaka i adressert sending frå kommunen
<input checked="" type="radio"/> Nei
Namnet på høyringssaka
<input checked="" type="radio"/> <input type="radio"/> <input type="radio"/>
Uttale
<input checked="" type="radio"/> Eg ønskjar å heilt eller dels uttale meg i tekstfeltet under
<input type="radio"/> Eg har min fulle uttale i eigne dokumentar som eg ønskjar laste opp som vedlegg
Uttale til saka
Merknad til Reguleringsplan for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy Når kollektivknutepunktet vert flytta frå dagens stad til ny stad slik det no er skissert i utkastet er vi oppteken av at dei mjuke trafikantane (både gåande og syklande), bilistane til husstandar og bilistane til industri og næring i området ikkje kjem i farlege situasjonar med kvarandre. Vi ønskjer at alle dei mjuke trafikantane skal kunne kome seg til det nye kollektivknutepunktet utan å måtte krysse fylkesvegen. Dette fordi det er ei svært stor mengd kjøretøy som passerer gjeldande område, spesielt på morgon og ettermiddagstid når born og vaksne er på veg til/frå skule og arbeid. Dersom dei mjuke trafikantane kan nytte noverande fortau v/dagens busstopp og dei allereie eksisterande undergongane, med små justeringar av høgde i gang og sykkelterrenge, vil ein unngå å skape farlege situasjonar mellom mjuke og harde trafikantar. På denne måten vil ein sikre trygg ferdsel for mjuke trafikantar, både fastbuande og gjennomreisande, også ved eventuell framtidig trafikkauge i området jmf planar om bustadfortetting og snøggbåtterminal.